

## **SSIKT på avvegar**

Det einaste som framstår som meir merkeleg enn sjølve valet av plassering, er at det er ordføraren i Ulstein kommune som svarar på kritikken av SSIKT-styret.

Avtalen frå starten var at SSIKT skulle ligge på Hareid. Mitt innlegg torsdag var klart og tydeleg.

Styret vil legge delar av selskapet i Ulsteinvik og ein del i Hareid.

Mitt første poeng var at fordeling av arbeidsplassar skal vere både politisk og fagleg forankra. Og for det andre, dersom SSIKT ikkje skal leige seg inn i Myrvåg, kva er det som gjer at Ulsteinvik er eit betre val enn å legge det i Hareid der driftssenteret allereie er etablert og kostnadene er lågare? Det er eit strålende samarbeid som alle er nøgde med.

SSIKT-styret må handsame saker og drifte selskapet slik at det toler å verte sett etter i korta, at ein kan svare på kritiske spørsmål, og unngå mistillit.

KRISTIAN FUGLSETH  
Folklista for Hareid kommune